

# Retningslinjer for førebygging og handtering av seksuell trakassering av lærlingar/lærekandidatar - til lærebedrift/opplæringskontor

## 1. Formål og lovgrunnlag

Formålet med retningslinjene er å førebygge, forhindre og fange opp seksuell trakassering.

Opplæringslova § 9A gjeld berre for skoleelevar. Alle lærlingar/lærekandidatar har rett på eit arbeidsmiljø fritt for mobbing og trakassering, også seksuell trakassering. Lærlingar og lærekandidatar er rekna som tilsette, og deira vern mot mobbing er regulert av [arbeidsmiljøloven §§ 4-1 og 4-3](#). Seksuell trakassering er forbode, [jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 13](#)

Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læringsmiljø, [jf § 4-4 i opplæringslova](#).

## 2. Kva er seksuell trakassering

Med seksuell trakassering meinast ei kvar form for uønska seksuell merksemd som har som føremål eller verknad å vere krenkande, skremande, fiendtleg, nedverdiggande, audmjukande eller plagsam ([Likestillings- og diskrimineringslova § 13](#)).

Seksuell trakassering er ubehageleg for minst ein av partane.

Seksuell trakassering blir delt inn i tre former – verbale, ikkje-verbale og fysiske uttrykk.

**Verbale uttrykk** omfattar direkte bruk av kjønna ord som “hore” og “homse”, kommentarar om kropp, utsjånad eller privatliv, og forslag/krav om seksuelle aktivitetar.

**Ikkje-verbale former** omfattar visning av pornografiske bilete og meir indirekte former som meldingar, oppringingar, bilete med seksuelt innhald, ryktespreiing, eller spreiiing av bilete med seksuelt innhald av personar på nett eller i sosiale media.

**Fysiske former** for trakassering omfattar seksuell kontakt som klemming, kyssing, og beføling av bryst eller underliv. Desse formene for trakassering grensar opp mot seksuelle overgrep og krenkingar og kan straffast etter straffelova.

Felles for dei ulike variantane av seksuell trakassering er at dei opplevast som overgrep mot den enkelte sin personlege integritet.

### Døme på oppførsel som kan vere seksuell trakassering:

- Unødvendig berøring og ”plukking”
- Nærgåande kommentarar om mottakaren sin kropp, klær eller privatliv
- Visning av pornografiske bilde, plystring og kroppsbevegelsar som har seksuelle undertonar
- Frå seksuelle framstøt, forslag og hentydning til psykisk og fysisk press om seksuelle tenester

Det er viktig å vere merksam på maktforholdet mellom lærlingen/lærekandidaten og dei andre tilsette. Alle har eit ansvar for å førebygge, hindre og fange opp seksuell trakassering. Lærlingar/lærekandidatar skal ikkje utsettast for seksuell trakassering. Bedrifter, opplæringskontor og fylkeskommunen har eit kontroll- og oppfølgingsansvar i forhold til dette.

### 3. Reiskap for å førebygge/forhindre og fange opp seksuell trakassering

- Fagleg leiar/instruktør får kompetanse om temaet og handtering av slike saker
- Oppstartssamtale mellom lærling og lærebedrift
- Resultat frå Lærlingundersøkinga
- Tema på halvårssamtalen
- I det daglege arbeidet

**Arbeidstilsynet har utarbeida seks tiltak for førebygging av seksuell trakassering:**

1. *Kartlegg risikoer som er på deres arbeidsplass og iverksett nødvendige tiltak basert på det som fremkommer*
2. *Gi informasjon til alle ansatte om hvilke regler og rutiner som gjelder på denne arbeidsplassen*
3. *Lag gode rutiner for å si ifra om seksuell trakassering og hvordan hendelsene skal håndteres*
4. *Brudd på rutiner og retningslinjer skal få konsekvenser for den som trakasserer (kollegaer, gjester, kunder)*
5. *Leders ansvar skal være tydelig*
6. *Snakk om seksuell trakassering på arbeidsplassen*

[Les meir på arbeidstilsynet sine heimesider.](#)

### 4. Handtering av seksuell trakassering

- saka skal takast tak i så tidleg som mogleg
- saka skal/bør handterast på lågast mogleg nivå
- dei som skal handtere saka må ha kompetanse om temaet
- saka skal sjåast på som ein personalsak og skal behandlast konfidensielt
- alle involverte partar skal få høve til å legge fram sitt syn på saka
- lærlingane skal følgjast opp tett
- fylkeskommunen skal bli varsla om saka

### 5. Roller og ansvar

#### **Lærebedrift/opplæringskontor**

Lærebedrifta plikter som arbeidsgivar å iverksette tiltak som er nødvendige for å førebygge og handtere mobbing, trakassering eller anna utilbørlig oppførsel på arbeidsplassen, jf arbeidsmiljølova

§§ 4-1 og 4-3. Arbeidsgivar skal i samarbeid med dei tilsette arbeide aktivt for å skape gode sosiale arenaer som bidreg til eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

### Lærlingar/lærekandidatar

Lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakar i bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med og er plassert i, med dei rettar og plikter som følger av lov og tariffavtalar. Tilsette pliktar å medverke ved gjennomføring av tiltak som blir satt i verk for å skape eit trygt arbeidsmiljø, jf. arbeidsmiljølova § 2-3.

Dersom ein opplever å bli utsett for trakassering:

- Skriv ned og dokumenter situasjonar på opplevd negativ adferd. Prøv å skil mellom kva som faktisk skjedde og tolkinga av situasjonen.
- Ta opp saka med den som utøvde trakasseringa dersom det er ønskeleg.
- Meld frå til næraste leiar/instruktør
- Verneombod /tillitsvald eller anna tillitsperson i kan vere med i samtalar med arbeidsgivar.
- Dersom saka ikkje kan løysast internt, [ta kontakt med fagrådgiveren i Opplæring i bedrift i fylkeskommunen.](#)
- Elev- og lærlingombodet kan svare på spørsmål, gi råd og hjelp.

## 6. Opplæring i bedrift i fylkeskommunen

Møre og Romsdal fylkeskommune har overordna ansvar for all videregående opplæring i fylket.

Dersom det er vanskeleg å ta opp saka internt i lærebedrifta, [kan lærlingen ta kontakt direkte med fagrådgiveren i fylkeskommunen.](#)

## 7. Elev- og lærlingombodet

Elev- og lærlingombodet er ein uavhengig ressurs som skal vareta interessene og rettane til elevar og lærlingar i Møre og Romsdal. Ombodet har teieplikt, og er meint som eit gratis lågterskeltilbod til ungdommar i vidaregåande opplæring.

Lærlingar/lærekandidatar som opplever seksuell trakassering kan ta kontakt med ombodet for å få hjelp og bistand til å finne ei løysing. [Kontaktinformasjonen til ombodet finn du på heimesida til fylkeskommunen.](#)

## 8. Andre instansar

Det finst også frivillige organisasjonar og offentlege instansar lærlingen kan henvende seg til:

- Nok. Møre og Romsdal <https://nokmr.no/>
- Helsestasjon for ungdom
- Fastlegen
- Politi
- [Støttesenter for kriminalitetsutsatte i Møre og Romsdal](#)